

Miljødirektoratet  
v/Fylkesmannen i Aust-Agder  
[fmavpost@fylkesmannen.no](mailto:fmavpost@fylkesmannen.no)

20. januar 2016

## **Klage – Løyve til bruk av utanlandske treslag på eigedomen gnr. 129, bnr. 2 i Grimstad kommune**

Vi viser til vedtak i sak 2015/3601 den 16.12.2015, varsla frå Miljøvedtaksregisteret 18.12.2015. Vi viser elles til vår varsling av klage i e-post av 4.1.2016 og dykkar svar av 11.1.2016.

Klagar ønskjer saka omgjort, slik at vedtaket blir oppheva, eventuelt at søknaden blir avslått.

Det er to hovudtema i denne klaga, at arealet som ein ønskjer planta på ikkje er kartlagd i det heile, og at bruken av naturmangfaldlova ikkje fangar opp dette.

### **Areal planlagde til juletreffelt**

I vedtaket står det følgjande om arealet det skal plantast på: «*Tiltaket er kartfestet og vurdert mot kjente opplysningar i Artskart, Naturbase, Miljøregistreringer i Skog (MiS) og Gårdskart. Landbruksavdelingen mener derfor at det ikke er i konflikt med det omsøkte tiltaket.*»


Det står at tiltaket er kartfesta og vurdert mot kjente opplysningar i mellom anna Naturbase. Naturbase er eit resultat av dei opplysningane som er lagt inn der. Når det gjeld naturtypekartlegging i Grimstad, er det seinast gjort kartlegging i 2013. Dei som kartla har sagt dette om kartleggingsstatus for Grimstad kommune: «*Ved tidligere kartlegging er deler av skjærgården/kystområdene og områder på utsiden av E18 kartlagt. I indre deler er kun noen ytterst få skoglokalteter kartlagt.*»<sup>1</sup> Det er altså grunn til å tru at mykje ikkje er kartlagd, og ein veit ikkje kva som kan vere kartlagd utan at ein har funne noko.

Sakshandsamar hos Fylkesmannen i Aust-Agder kan ikkje legge til grunn at dette området er kartlagd i nokon grad, viss det ikkje blir lagt fram annan dokumentasjon for at området er kartlagd i


---

<sup>1</sup> Anders Thylén, Terje Blindheim og Kjell Magne Olsen, 2013. Naturtypekartlegging i Grimstad kommune 2012. BioFokus-rapport 2013-22

tilstrekkeleg grad. Når ein ser etter kva registreringar som finst på Artskart, ser ein også der at det er kartlagt ein del langs kysten, innlandet har svært få registreringar.



**Figur 1. Naturbase 21.12.2015. Omsøkte område omtrentleg avmerka med gult. Det er få registreringar av artar med verknad for forvaltning og naturtypar i området.**



**Figur 2. Skogportalen 5.1.2016 avkryssa for nøkkelbiotop med og utan MiS og utvalde livsmiljø – alle.**

MiS-registreringane har også eit stort område med Håland omtrent i midten, der det ikkje er kartlagt noko. Det er vanskeleg å forklare på anna vis enn at det ikkje har vore kartleggjar i dette området.

Når kartleggings situasjonen er slik, må både omsøkte areal og områda rundt kartleggast, anten ved at fylkesmannen har kompetanse og vil gjere det sjølv, eller at søkjar blir pålagt å koste ei slik kartlegging utført av eit kompetent kartleggingsfirma. Utan ei slik kartlegging har ein ikkje tilstrekkeleg kunnskap til å kunne gi løyve.

Fylkesmannen seier i vedtaket at det er gjort vurderingar etter naturmangfaldlova. Det går fram at Naturbase er undersøkt, men det går ikkje fram kva som er funne der, og ikkje korleis resultatet er vurdert, t.d. opp mot det som sto om kartleggingsstatus for kommunen. Det står ikkje noko om vurderingane av plantetiltaket sin påverknad av dei verdiane ein ikkje veit kva består av i området, og det er ikkje sagt noko om kva påverknad den manglande kunnskapen har for vedtaket.

T.d. finn vi vurderingane gjort etter nml § 9 Førre-var-prinsippet: «*Grunnet god kunnskap om arten, spredningsevnen og området, vektlegger landbruksavdelingen § 9 angående førre-var-prinsippet lite.*» Her får vi ikkje vite kva kunnskap Fylkesmannen har funne, ikkje korleis det som er funne er vurdert, og ikkje kor mykje det er vektlagt.

Viss det er faktaark om fjelledelgran som er lagt til grunn for god kunnskap om art og spreiringsevne, trur vi helst at denne kunnskapen generelt er i knappaste laget til å kunne reknast som god. Miljøregistreringer i Skog ser ikkje ut til å vere lagt inn for Grimstad i opne databaser så langt vi kan kontrollere. Naturtypekartlegging er ikkje gjort i området, og det ser ikkje ut til at det er lagt inn noko som helst på Artskart. Viss dette gir kunnskap som kan klargjere at det ikkje er natur som kan bli påverka av utplanting av juletre, så er det i alle fall nødvendig at denne kunnskapen blir presentert så ein kan vurdere denne kunnskapen nærare. Dette slik at ein kontrollere kva som er lagt til grunn. Utan ein slik kontrollmoglegheit, vil forvaltninga vere open for ein praksis som manglar viktige tersklar t.d. mot korrupsjon. Vurderingane etter naturmangfaldlova skal finnast på papiret i lag med vedtaket og ikkje berre oppi hovudet til ein sakshandsamar.

Vi vil minne om rettleiaren til nml, kap. 5 som seier: «*Begrunningsplikt, enten vedtaket er til gunst for søker eller ikke. For å sikre at den samlede forvaltningen er i tråd med prinsippene, og at tolkningen av disse blir mest mulig ensartet, kreves det i § 7 annet punktum at vurderingen og vektleggingen av prinsippene skal fremgå av beslutningen. Dette innebærer at det i vedtaket skal synliggjøres i hvilken grad prinsippene er relevante, hvordan de er vurdert i den enkelte sak, og hvilken vekt de er tillagt. Dette skal medvirke til at vedtaket får legitimitet, åpenhet om hva som er vurdert, hvordan det er vurdert, og hva som er tillagt størst vekt i saken.*»

Når det gjeld kunnskapsgrunnlaget er det så mangelfullt, og bruken av naturmangfaldlova er dessutan så dårleg, at det ikkje er grunnlag for å gjere vedtak. Vi meiner difor at vedtaket som er gjort truleg er ugyldig som følgje av vesentlege manglar. Om manglane har verknad for vedtaket som er gjort er umogleg å vite før ein får kunnskap om området.

### **Treslaget som er omsøkt**

Utsetting av utanlandske treslag til juletreproduksjon er basert på at trea blir fjerna før dei blir kongleberande. Vilkåra som skal sikre dette inneheld berre ei barriere, dvs. at svikt på eit punkt vil vere nok til at føresetnaden ikkje er til stades. I vilkåra i denne saka er det t.d. ikkje sett krav om at kongleberande tre skal fjernast før dei får spreidd frø. Det blir brukt «*tre av utenlandsk opprinnelse*» som kan gi opphav til mistydingar. Ein kan lett tenke at det gjeld tre kjøpt i utlandet, og ikkje gjeld tre kjøpt på Reiersøl planteskole. Det kan vidare sjå ut til at eigar skal kunne dokumentere om det finst tre spreidd til naturen, men det står ikkje noko om kor stort areal som skal undersøkjast, og det ser ikkje ut til å vere opplagd at slike rømlingar skal fjernast. Problemstillingane knytt til rømlingskontroll på annan grunneigar sin eigedom kjem som ein tilleggskomplikasjon som det ikkje er nemnt noko om i det heile.

Her er det ganske mykje som kan gå gale, og resultatet kan fort bli at tre ein ikkje rekna med kunne spreie seg gjer det likevel. Difor er det ikkje heilt uvesentleg kva treslag som er søkt planta.

Fjelledelgran spreier seg relativt lett til norsk natur, jf. Sandvik 2012<sup>2</sup>. Vi meiner at ein anten må velje andre treslag som ikkje har så stor evne til å spreie seg, eller at ein må forsterka vilkåra, slik at ein har fleire barrierar som må svikte før artane kan spreie seg. Kunnskapen som ligg til grunn for svartelistevurdering er truleg knapp. I alt 11 funn som ligg på Artskart og færre enn dette med belegg tilseier at det er mykje ein ikkje veit om faktisk frøspreiing frå denne arten.

### **Krav om utsett iverksetting**

Ein ber om at det ikkje blir planta ut noko før klaga er avgjort og at grunneigar gjerast merksam på dette.

### **Konklusjon**

Dei vurderingane som skal finnast etter naturmangfaldlova er mangelfulle eller manglande, noko som gjer det umogleg å ta stilling til kva naturverdiar som kan vere på spel. Vedtaket må opphevast, og ein må starte på nytt med å skaffe nødvendig kunnskapsgrunnlag, slik at det er mogleg å gjere dei nødvendige vurderingane etter naturmangfaldlova.

Med venleg helsing

Christian Steel  
generalsekretær, SABIMA

Arnodd Håpnes  
fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet

Heidi Sørensen  
teamleder, WWF-Norge

---

<sup>2</sup> H. Sandvik 2012. Kunnskapsstatus for spredning og effekter av fremmede bartrær på biologisk mangfold. DN-utredning 8-2012